

# Møtebok for Vestre Slidre fjellstyre

Arkiv nr: 335.2

VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE



Sak nr 03/2022

Møtedato: 23.02.22

Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## Nytt tilleggsjorde for slått, knytt til gard 75/7

Runde Øygard som har støl S722 søker om nytt tilleggsjorde på ca 30 daa, som ligg forholdsvis nær eige støl. Han har sendt inn følgjande grunngeving:

*Drifta på garden er forproduksjon for sal. I fremtida vil eg truleg kjøpe inn kalvar og ta dei med til støls. Dette for å sikre rettar og plikter som er knytt til stølen min på Nøsen.*

Vedlagt bilete syner omsøkt areal



Dette arealet er ikkje registrert som «dyrkbart areal» Det er dermed noko meir usikkert om dette arealet er godt eigna til oppdyrking for forproduksjon. Det er sendt ein forespurnad gjennom kommunen til dei som kartlegg vegetasjon pånytt, og det er komme følgjande uttale frå dei (Ragnhild Mobæk i NIBIO):

Etter det jeg kan se så er arealet ikke tatt ut som dyrkingsjord på ØK.

*Det kan være ulike grunner til det:*

*I tillegg til størrelse og avstand til veg eller anna fulldyrka areal var det ofte to ting som gjorde at areal ikke kom med som dyrkingsjord i fjellet:*

- *For mye steininnhold*
- *Jorddybde – altså mulighet til å grøfte areal som ikke var sjøldrenert*

Vestre Slidre kommune – landbruksavdelinga støtter den uttala som kjen frå NIBIO

## Statskog:

*Ønsket parsell ligger på sørsiden av Panoramavegen og arealet er på ca 30 dekar. Han opplyser at han ønsker å nydyrke arealet. Det er ingen beskrivelse av behovet for arealet utenom at han ønsker å opprettholde retter og plikter som er knytt til stølen og garden. Fjellstyret må gjøre en konkret vurdering av behovet for nydyrkingsarealet. Gitt at fjellstyret ser behovet for mer dyrket areal har ikke Statskog noen motforestillinger til at aktuelt areal utvises av fjellstyret i henhold til seterforskriften § 20 – utvisning av tilleggsjord, jf. Fjellovens § 19.*

*Fjellstyret må utarbeide utvisningsforretning for underskrift, og Statskog vil deretter sørge for at parsellen får tildelt et eget fnr, fra kommunen. Eventuelle kommunale kostnader/ gebyr (inkl. tinglysning av nytt fnr.) tilfaller Øygard som rettighetshaver. I en utvisningsforretning er det også eget punkt om tillatelse til oppsetting av nødvendig gjerde rundt parsellen.*

Stølsforskriften § 20 seier følgjande om tilleggsjord etter § 20:

## **§ 20. Utvisning av tilleggsjord og sakshandsaming**

Jordbrukar med beiterett i statsallmenningen kan – anten åleine eller saman med andre beiterettshavarar – få utvist grunn som er skikka til dyrking eller til kulturbeite som tilleggsjord, jf. § 19 første ledd i fjellova. Det er eit vilkår at dei som har beiterett godtgjer behovet for tilleggsjord. Dette kan til dømes gjerast ved å leggje fram ei driftsplan.

Søknad om utvising av tilleggsjord skal sendast fjellstyret. Fjellstyret skal leggje saka fram for kommunen, Statskog SF og eventuelt allmenningsstyret og områdestyret i reinbeiteområde etter reindriftslova, for fråsegn.

Kommunen handsamar og avgjer søknaden etter gjeldande forskrift om nydyrking i dei tilfelle der søknaden omfattar fulldyrking eller overflatedyrking etter forskrifta. Gjeld søknaden kultivering, og eventuelt inngjerding til beitebruk, skal kommunen gi fråsegn om dei tilhøva som er nemnde i § 5 i forskrifta om nydyrking.

Fjellstyret gjer vedtak om utvising av tilleggsjord til jordbrukar med beiterett. Statskog SF skal ha melding om vedtaket.

Statskog SF avgjer søknader om inngjerding av tilleggsjord etter tilråding frå fjellstyret, jf. § 5 fjerde ledd i forskrifta.

Fjellstyret måler ut setervoll og dyrkingsjord eller kulturbeite som skal visast ut saman med eller leggjast til seter.

Fjellstyret skriv ut eit eige dokument til beiterettshavaren om utvisinga. Fjellstyret skal sende kopi av dette dokumentet til Statskog SF.

Når det gjeld behov, syner arealressurskart for eigedommen fylgjande:

Hovedeiendom	Grunneiendommer	Fulldyrket	Overflatedyrket	Innmarksbeite	Skogareal	Annet areal	Ikke klassifisert	Total
3452-75/7/0	⊕ 3452-75/7/0	26.3	0	0.1	215.9	14.8	0	257.1
	3452-94/1/772	0	19.6	0.7	0.2	1.9	0	22.4
Sum		26.3	19.6	0.7	216.1	16.7	0	279.4

Areal tall i dekar


Med såpass lite areal som er dyrka, er det eit behov for meir areal knytt til anna drift som kalvar.

Det er eit poeng, både i fjellova og i stølsforskriften at jorda skal vere «skikka».

Med bakgrunn i nyare vegetasjonskartlegging samt eksisterande kartgrunnlag for dyrkbar jord, tydar dette på at denne jorda ikkje er skikka til oppdyrking slik kravet er.

Dermed tilrår administrasjonen å avslå denne søknaden.

Imidlertid er det dyrkbar jord nærare stølen (S722) som kunne vore vurdert. Ein tilrår søkjar å fremje ny søknad om eit anna areal som er betre eigna, det er fleire område som går fram av vedlagt kart: (raud skravur indikerar dyrkbart areal)



**Framlegg til vedtak:**

Fjellstyret avslår søknad om nytt tilleggsjorde tilknytta S722. Dette grunngjes med at arealet ikkje oppfyller dei krav sett i stølsforskriften § 20 om å vere «skikka til dyrking», jfr rapport frå Nibio.

**Vedtak:**

Fjellstyret avslår søknad om nytt tilleggsjorde tilknytta S722. Dette grunngjes med at arealet ikkje oppfyller dei krav sett i stølsforskriften § 20 om å vere «skikka til dyrking», jfr rapport frå Nibio.

Samrøystes

*Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 24.02.2022

Kenneth Monsen  
sekretær

Utskrift:  
Stølsbrukar  
Statskog  
Vestre Slidre kommune